

# ÅRSMELDING 2006 -2009

## Årsmelding 2006:

Det vart sendt uttale til meldinga om planlagd kraftline gjennom vårt område der vi peika på negative sider med dei skisserte trasévala i nærområdet.

Det vart og sendt tilsvarande uttale frå Førdefjella villreinutval jf traséalternativa som kryssa villreinområdet i utmarka.

Det var ikkje villreinjakt dette året pga liten bestand. Naustdal Vilt- og fiskelag sone 4 har i møte i villreinutvalet meint at jakta bør utsettast til målet på 90-100 vinterdyr er nådd.

Storrusa vart sett ut ved osen i vestre del av Vonavatnet. Her fiska den måteleg bra og delen av røye synast å liggje på kring 30%. Truleg noko lågare enn tidlegare.

Det vart kjøpt inn 7 nye reinsdyr til flokken (3 bukkar og 4 simler) som vart øyremerkte og slepte ut kring årsskiftet.

## Årsmelding 2007:

Vi fekk konsesjonssøknaden på 420 kV – til høyring. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe som gjorde ein stor innsats med merknader til konsesjonssøkte trasé. Konsesjonen vart trekt frå Statnett si side i tilleggssøknaden seinare.

Etter mykje diskusjon i villreinutvalet vart vi einige om å ta ut nokre av dei eldste hanndyra for å sleppe ungbukkane til i flokken. Denne jakta vart avvikla med rimeleg godt resultat, men effekten er ennå noko usikker. Få observasjonar av dei merkete nye bukkane og mykje leiting etter desse i fjellområdet.

Storrusa vart sett ut i syd-austre ende av Vonavatnet. Lite røye, men ein og annan storaure vart fanga (opp i 5kg!). Desse vart utslepte etter kvart.

## Årsmelding 2008:

Liten aktivitet. Storrusa ikkje utsett.

Ingen jakt på villrein – må avvente effektane av bukkeavskytinga i flokken.

## Årsmelding 2009:

Naustdal – Gjengedal landskapsvernområde vedtatt i Stortinget 9. Jan.

Liten aktivitet. Storrusa ikkje utsett.

Ingen jakt på villrein. Usikre bestandstal. Truleg vil det ta noko tid å nå bestandsmålet på 100 dyr. Einigheit om å avvente jakt inntil vidare.

Møter med kommunen ang forvaltningsplan, næringsfond og tilskotsmidler til randsoneområda. Vi fekk tildelt 300 000,-. Kommunen vil kalle inn til møte om dette våren 2010 for diskusjon om prioritering av tiltak. Det nye styret får her ein jobb å følgje opp dette vidare.